

<p>1. Oppropet «Nei til biogassanlegg i Ølen» v/Tore Tverå og 214 privatpersonar, motteke 05.02.2026</p>	<p>Er uro for framtida. Har lese om korleis det gjekk på Stord med Renova, som etter store luktproblem over tid, måtte stenge verksemda.</p> <p>Manglar som blei påpeika av Statsforvaltaren i Vestland:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Manglande kjennskap til regelverk - Handterte avfall som ikkje inngjekk i løyvet - Manlande kompetanse og leiing - Manglande rutinar og overvaking <p>Ein tilleggsgrunn for at Renova måtte stenge var pengeproblem.</p> <p>Meiner at eit biogassanlegg må ligge milevis frå busetnad, Nerheim ligg altfor nær Ølen sentrum. Har lista opp følgande bekymringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Luktproblem - Støyforureining - Risiko for forureining - Helseisiko - Trafikkproblem <p>Ølen blir mindre buattraktivt</p>	<p>Lukt Støy Forureining Folkehelse Trafikk Buattraktivitet</p>

<p>2. Likelydande merknadar frå 104 innsendarar;</p> <p><i>Agnethe Brown Erland, mottatt 05.02.26</i></p> <p><i>Albert Mosdal, mottatt 05.02.26</i></p> <p><i>Alf Sigve Olsen og Anna Brekke, mottatt 28.01.26</i></p> <p><i>Ann Kristin Skålnes, mottatt 28.01.26</i></p> <p><i>Anne Gunn Øglænd, mottatt 06.02.26</i></p> <p><i>Anne Iren Mosdal, mottatt 26.01.26</i></p> <p><i>Any Tordis Heggebø og Per Gunnar Heggebø, mottatt 25.01.26</i></p> <p><i>Arnfinn H Øverland, mottatt 05.02.26</i></p> <p><i>Arvid Hølland, mottatt 01.02.26</i></p> <p><i>Astri og Tore Tverå, mottatt 25.01.26</i></p> <p><i>Astri Tjelmeland Tverå, mottatt 06.02.26</i></p> <p><i>Aud Helene Amdal Haugland, mottatt 03.02.26</i></p> <p><i>Bente Kleppe, mottatt 03.02.26</i></p> <p><i>Berit Haugland, mottatt 04.02.26</i></p> <p><i>Berit Haugland og Bjørn-Einar Haugland, mottatt 29.01.26</i></p> <p><i>Bodil Hvidsten, mottatt 05.02.26</i></p> <p><i>Brit Turid Klungland, mottatt 04.02.26</i></p> <p><i>Dagny Christophersen, mottatt 28.01.26</i></p> <p><i>David Nidoy Brekke, mottatt 05.02.26</i></p> <p><i>Debra Hustveit, mottatt 06.02.26</i></p> <p><i>Eldbjørg Rullestad, mottatt 04.02.26</i></p> <p><i>Else S Halleland, mottatt 28.01.26</i></p> <p><i>Frank Heggebø, mottatt 04.02.26</i></p> <p><i>Frans Bendik Fransson, mottatt 31.01.26</i></p> <p><i>Geir Lunde, mottatt 05.02.26</i></p> <p><i>Gerd Irene K. Clausen, mottatt 05.02.26</i></p> <p><i>Gerd Rødne, mottatt 04.02.26</i></p> <p><i>Gro Inger Hvidsten, mottatt 04.02.26</i></p>	<p>Kritiske til etablering på Nerheim, så nær Ølen sentrum og bustadområde. Anlegget er stort i norsk målestokk og dei ser ein reell fare for at anlegget vil søke om utviding etter kort tid. Er også bekymra for at råstoff kan bli endra over tid til å omfatte farleg avfall (glykol eller eddiksyre) som kan få omfattande konsekvensar for nærmiljø, eigedomsverdi, tryggleik og risiko for utslepp.</p> <p>Meiner at det er i strid med både god forvaltningsskikk og intensjon i plan- og bygningslova at kommunen ikkje krev ei fullstendig og uavhengig konsekvensutgreiing. Meiner at kommunen ikkje kan basere si vurdering på analysar som er bestilt av tiltakshavar sjølv, men at det må krevjast uavhengig konsekvensutgreiing av: lukt, tryggleik og eksplosjonsfare, helsekonsekvensar og livskvalitet, trafikkbelastning og storulykkespotensial.</p> <p>Det er ikkje akseptabelt at det er presisert konkret kva råstoff som kan nyttast i anlegget. Det skapar usikkerheit for naboar og innbyggjarar.</p> <p>Det kom fram på folkemøtet at det er stor motstand mot etableringa. Det kom også fram at ei etablering kan få store negative konsekvensar då Berge sag vurderer å flytte verksemda si ut av kommunen dersom anlegget blir realisert</p> <p>Dei er uroa av at Biovind er omtalt som «aktør» i kommunale dokument lenge før prosjektet var offentleg kjent og at selskapet fekk kjøpe tomt før konsekvensar, risiko og eigna arealbruk var vurdert. Det svekker tilliten til planprosessen som heilskap.</p>	<p>Lokalisering og storleik</p> <p>Konsekvensutgreiing</p> <p>Råstoff og framtidig risiko</p> <p>Stor motstand og negative ringverknader</p> <p>Kritikk av prosessen</p>
---	---	--

Gry Eren og Per Sven Rørtveit, mottatt 03.02.26

Gunn Jorunn Heggebø, mottatt 03.02.26

Gunn Rakel Tjelle Jarmer, mottatt 02.02.26

Gyri Windsand, mottatt 02.02.26

Handelshuset Ølen AS, mottatt 04.02.26

Hanne Gangdal, mottatt 03.02.26

Hedda Gangdal, mottatt 03.02.26

Henri van Beersum, mottatt 05.02.26

Hildegunn Toadalen, mottatt 30.01.26

Håvard Risøy Vestbø, mottatt 06.02.26

Ingvild Klungland, mottatt 04.02.26

Johannes Hustveit, mottatt 05.02.26

Jørn Tverå, mottatt 05.02.26

Karin Fransson Heggebø, mottatt 25.01.26

Kathrine Saltvig, mottatt 03.02.26

Kenneth Johansen, mottatt 06.02.26

Kjell Søndena, mottatt 05.02.26

Kjersti Nerheim, mottatt 05.02.26

Kristine Grønnestad, mottatt 06.02.26

Lars Gunnar Berge og Monica Berge, mottatt 05.02.26

Lars Magnar Heggebø, Linda Sjo, Celina Sjo Heggebø, Niklas Sjo Heggebø, Margunn Heggebø og Magnar Heggebø, mottatt 25.01.26

Leif Inge Siglen, mottatt 06.02.26

Leif Martin Kvamen, mottatt 05.02.26

Leif Kvamen og Else Marie Kvamen, mottatt 04.02.26

Lillian Bjørke Sørensen, mottatt 26.01.26

Linda Askeland, mottatt 25.01.26

Linda Iren Gundersen, mottatt 25.01.26

Liv Stople, mottatt 05.02.26
Liva Heggebø, mottatt 05.02.26
Magnar Nøkland, mottatt 27.01.26
Malena Gravelseter, mottatt 01.02.26
Margaret Christophersen, mottatt 28.01.26
Mari Vestbø Østestad, mottatt 27.01.26
Marie Hundhammer Siglen, mottatt 06.02.26
Martha Serine Ferkingstad, mottatt 05.02.26
Martine Heggebø, mottatt 06.02.26
May Britt Stople, mottatt 25.01.26
May Tove Heggebø, mottatt 02.02.26
Mona Opheim, mottatt 05.02.26
Monica Heggebø, mottatt 27.01.26
Morten Åsheim, mottatt 04.02.26
Målfrid Arnestad, mottatt 05.02.26
Nerheim Invest AS v/Magnar Nøkland, mottatt 27.01.26
Nils Brekke, mottatt 05.02.26
Nils Kvamen, mottatt 04.02.26
Nina H Arnestad, mottatt 05.02.26
Olaf A Hamre, Svein Ove Hamre og Gunnlaug Hamre, mottatt 05.02.26
Ole Hvidsten, mottatt 04.02.26
Ove Ivesdal, mottatt 02.02.26
Pablo Tveit, mottatt 27.01.26
Peder Mosdal, mottatt 10.02.26
Reidun Wåge, mottatt 05.02.26
Rolf Granli Gangdal, mottatt 28.01.26
Runar Mosdal Havsgård, mottatt 05.02.26
Rune Halbrend, mottatt 04.02.26
Rune Heddeland, mottatt 06.02.26
Sigrid Hundseid, mottatt 06.02.26

<p><i>Silje Ebne og Henrik Vestbø Tokheim, mottatt 06.02.26</i></p> <p><i>Sissel M Åsheim, mottatt 26.01.26</i></p> <p><i>Sofie Asheim, mottatt 30.01.26</i></p> <p><i>Solveig I Solheim, mottatt 28.01.26</i></p> <p><i>Sondre Nordtveit, mottatt 25.01.26</i></p> <p><i>Sunniva Steinsland, mottatt 05.02.26</i></p> <p><i>Svein Brekke, mottatt 28.01.26</i></p> <p><i>Sveinung Arnestad, mottatt 05.02.26</i></p> <p><i>Sverre Østebø, mottatt 05.02.26</i></p> <p><i>Thea Helgesen, mottatt 26.01.26</i></p> <p><i>Tor Martin Heggebø, mottatt 06.02.26</i></p> <p><i>Torbjørn Rullestad, mottatt 06.02.26</i></p> <p><i>Torbjørn Søndenå, mottatt 03.02.26</i></p> <p><i>Venche Staknes, mottatt 25.01.26</i></p> <p><i>Vibeke Frøsaker Lunde, mottatt 05.02.26</i></p> <p><i>Vibeke Skjold Heggebø, mottatt 05.02.26</i></p> <p><i>Wenche Helen Søndenå, mottatt 25.01.26</i></p> <p><i>Øyvind Heggebø, mottatt 02.02.26</i></p> <p><i>Åshild Blikra, mottatt 06.02.26</i></p>		
---	--	--

<p>3. Likelydande merknadar frå innsendar;</p> <p><i>Kjell Søndena, mottatt 05.02.26</i> <i>Mona Opheim, mottatt 05.02.26</i> <i>Torbjørn Søndena, mottatt 05.02.26</i> <i>Wenche Helen Søndena, mottatt 05.02.26</i></p>	<p>Er fast busett i nærleiken til Njordvegen og vil vere direkte og vesentleg berørt av trafikkauken.</p> <p>Trafikkvurderinga framstår som utilstrekkeleg og misvisande. Det er opplyst ein gjennomsnittleg trafikkauke på 54 tunge køyretøy og 7 lette per døgn. Det betyr at talet på tunge køyretøy aukar frå om lag 13 til 67, meir enn firedobling av tungtrafikken. Sjølv om ÅDT-veksten er kan framstå som moderat, er det den relative auken i trafikken som er avgjerande for opplevde konsekvensar knytt til: Trafikktryggleik, støy og vibrasjonar, slitasje på veg og opplevd utryggleik og redusert bumiljø. Desse forholda er i liten grad vurdert.</p> <p>Bruken av årsgjennomsnitt skjuler reell belastning.</p> <p>Trafikkvurderinga tek ikkje høgde for generell trafikkvekst, annan eksisterande og framtidig næringsverksemd i området og samla belastning på Njordvegen over tid. Plan- og bygningslova krev vurdering av samla og langsiktige verknader.</p> <p>Trafikk og transport må utgreiast meir grundig, særskilt med vekt på tungtrafikk og lokale vegar.</p> <p>Konsekvensar for direkte berørte naboar må eksplisitt vurderast.</p> <p>Kommunen må vurdere om tiltaket samla sett utløyser krav om full KU.</p> <p>Positivt at kommunen har rådd tiltakshavar til å utarbeide ei konsekvensutgreiing for lukt. Samstundes må det understrekast at lukt ikkje kan vurderast isolert frå trafikk, drift og lokalisering. Luktplager vil, på same måte som trafikk, ramme nærliggande bustadar direkte, og må vurderast i lys av reell driftssituasjon, ikkje berre teoretiske føresetnader.</p>	<p>Konsekvensar for direkte berørte naboar</p> <p>Trafikk</p> <p>Konsekvensutgreiing</p> <p>Lukt</p>
---	--	--

<p>4. Likelydande merknadar frå 2 innsendarar; <i>Aud-Oddny Tvinnereim, mottatt 26.01.26</i> <i>Einar Fjeldheim, mottatt 26.01.26</i></p>	<p>Krev at det blir gjennomført uavhengig kartlegging av naturmangfaldet i elva før anlegg kan godkjennast.</p> <p>Det må stillast krav om tette flatar som samlar opp ev. utslepp frå anlegget, slik at forureining aldri når vassdraget.</p> <p>Det må stillast krav til fordrøyingsanlegg for å ivarta overvasshandteringa, dette for å sikre bustadar langs vassdraget nedstraums mot flaum.</p> <p>Krev at det blir nytta best tilgjengleg teknologi for luktreinsing og at det blir gjort spesifikke luktsimuleringar som tar høgde for terrenn langs elva nedstraums.</p> <p>Krev at det blir etablert eit automatisk overvakingssystem i elva som varslar myndigheiter og berørte grunneigarar ved endringar i vasskvalitet.</p> <p>Oppsummert: planendinga bør ikkje godkjennast utan juridisk bindande garantiar for at eksisterande fiskebestand i elva og bumiljøet langs vassdraget er sikra mot forureining og auka flaumrisiko.</p>	<p>Vassdrag og naturmangfald</p> <p>Forureining</p> <p>Flaumsikring og overvasshandtering</p> <p>Lukt</p> <p>Overvåking og varsling</p>
<p>5. Likelydande merknadar frå 2 innsendarar; <i>Brede Mannes, mottatt 05.02.26</i> <i>John Harald Mannes, mottatt 05.02.26</i></p>	<p>Uroa for langsiktige konsekvensar for lokalsamfunnet; busetnad og trivsel, attraktivitet for tilflytting og nyetablering og utviklingsmoglegheter for annan næring.</p> <p>Dei er uroa av at Biovind er omtalt som «aktør» i kommunale dokument lenge før prosjektet var offentleg kjent og at selskapet fekk kjøpe tomt før konsekvensar, risiko og eigna arealbruk var vurdert. Det svekker tilliten til planprosessen som heilskap.</p> <p>Saknar at konsekvensane for lokalsamfunnet si langsiktige utvikling er breiare og meir uavhengig vurdert. Fleire forhold framstår som uavklarte:</p> <ul style="list-style-type: none"> - mangelfull ROS - mangelfull luktspreiing og avbøtande tiltak - mangelfull trafikk- og transportanalyse <ul style="list-style-type: none"> - Mangelfull analyse av alternative lokasjonar - Utilstrekkeleg vurdering av påverknad på bustadområde, omdømme og bukvalitet <p>Lokalisering tett på bustadområde, institusjonar og sentrumsnære funksjonar – ikkje eigna.</p>	<p>Lokalsamfunn</p> <p>Kritikk av prosessen</p> <p>ROS</p> <p>Lukt</p> <p>Trafikk</p> <p>Lokalisering</p>

<p>6. Likelydande merknadar frå 2 innsendarar; <i>Erlend Økland, mottatt 04.02.26</i> <i>Vegard Økland, mottatt 05.02.26</i></p>	<p>Store mengder råstoff vil kunne gi store luktplager for naboar og nære bustadar. Anlegget vil føre til auka trafikk i Eiodalen og i Ølen generelt. Det vil auke faren for mjuke trafikantar og vil vere med å spreie luktproblema på vegane.</p> <p>Støy frå anlegget og frå trafikken til og frå er også ei bekymring. Kombinasjonen av lukt, støy og tung trafikk kan ha ringverknader for lokalsamfunnet og vere til ulempe for eksisterande næringsliv. Berge sag har uttalt at dei må vurdere å flytte.</p> <p>Er bekymra for at lukt, støy og andre forstyrningar kan potensielt gå ut over verferda til dyra. Avrenning til vassdraget er også eit risikomoment, då beitande dyr vil kunne bli sjuke.</p> <p>Biogassanlegget vil vanskeleggjere drift av garden, og gjere det mindre attraktivt å overta/flytte heim med familie. Vidare vil det kunne gi redusert verdi på eigedom.</p>	<p>Lukt</p> <p>Trafikk og transport</p> <p>Støy</p> <p>Landbruk, dyrevelferd og dyrehelse</p> <p>Landbruksdrift og verditap på eigedom</p>
<p>7. Anne Grete Djuve, mottatt 23.01.26</p>	<p>Er redd for at dersom det blir lukt frå anlegget, vil den sige ned mot heile sentrum og bli liggande i bygda lenge utan å bli utlufta. Dette gjeld og eventuelle gassar frå prosessen som kan vere farlege ved uhell/utslakta hendingar.</p> <p>Auka trafikk av tunge køyretøy vil på dagtid gå i område med skuleveg, handel og mange mjuke trafikantar. Om natta vil trafikken bli sjenerande for dei som bur nært. Me har mange verksemdar frå før med mykje sjenerande støy.</p> <p>Er også redd at tiltaket vil blokkera for annan utbygging av småindustri og handel på eit område som ligg nært sentrum og er godt eigna til publikumsretta verksemd</p>	<p>Lukt</p> <p>Trafikk og transport</p> <p>Næringsattraktivitet</p>

<p>8. A. Audun Økland og Gitte Halvorsen, mottatt 06.02.26</p>	<p>Ikkje rett verksemd på rett stad. Dominerande vindretningar i dalføret er frå nord og sør. Dei meiner anlegget vil påverke nærområdet og Ølen sentrum mykje meir enn det som kjem fram i KU for lukt. Burde stille krav om at risikoanalysar blir utarbeidd på grunnlag av reelle verdata.</p> <p>Næraste bustaden til næringsområdet ligg berre 150 m i frå. Deira to bustadhus ligg 170 og 220 meter frå og fleire andre ligg innanfor ein radius på om lag 500 m. Erfaring viser at det blir luktproblem rundt biogassanlegg. KU for lukt konkluderer med «ubetydeleg luktpåverknad for naboar». Dette har dei ikkje tiltru til.</p> <p>Transport av råstoff med mange tunge køyretøy gjennom sentrum vil påverke trafikktryggleiken i sentrum, mjuke trafikantar til og frå skule, arbeid og heim. Trafikken vil også generere ein del støy som blir ei ekstra belastning.</p> <p>Reguleringsendringa vil gjere det mindre attraktivt for andre verksemdar å etablere seg på Nerheim.</p> <p>Er uroa for livskvaliteten til innbygarane i lokalsamfunnet Ølen. Buattraktiviteten kan gå ned og som følgje av det vil unge velje vekk Ølen som bustadval.</p> <p>Heiabøvegen er del av den gamle postvegen mellom Ølen og Sandeid. Denne blir nytta av mange til tur og trening, men lukt, støy og støvplager kan gjere vegen mindre attraktiv til rekreasjon.</p> <p>Tapte leigeinntekter av bustadhus nr. 2 på garden og kva med nødvendig oppgradering av ventilasjonsanlegg som følgje av luktproblem, kven tar kostnaden med tiltak? Er uro for korleis nærleiken til eit biogassanlegg vil påverke verdien på eigedomen.</p> <p>Vil dyrehelse bli påverka av lukt, støy og støv frå biogassanlegget og vil ev. det føre til produksjonstap? Dyr på beite nyttar bekken som drikkevasskjelde. Eit akutt utslepp kan derfor vere sette dyras liv og helse i fare. Garden som arbeidsplass har i periodar intensiv drift, vil arbeidstakarane klare å oppretthalde drifta om lukt og støyplagar blir vesentlege. Kva med folkehelsa?</p> <p>Dei miner utslepp til bekkeløp både sør og nord for planlagt biogassanlegg vil få langt større konsekvensar enn det som kjem fram av miljørisikovurderinga. Viser med illustrasjonar kor kort avstand det er frå tomte til begge bekkeløp. Kva blir konsekvensane</p>	<p>Lukt</p> <p>Trafikk og transport</p> <p>Støy og støv</p> <p>Næringsattraktivitet</p> <p>Buattraktivitet</p> <p>Folkehelse og friluftsliv</p> <p>Verditap og kostnader</p> <p>Dyrehelse</p> <p>Miljø, natur og landbruk</p>
---	--	---

<p>B. Audun Økland, mottatt 06.02.26</p>	<p>for dyrka mark, dreneringsrør, skog og skogbotn, dyr, fuglar og insekt? Meiner risikovurderinga er for optimistisk.</p> <p>Planendringa må stoppast. Alternativ må greiast ut.</p> <p>Tillegg: Viser til anbefalte avstandskrav og eksempel frå andre land.</p> <p>Ettersom Heygass, Recul og Biovind heile tida viser til biogassanlegg nedover i Europa, der dei har mange slike anlegg, og besitter kunnskapen om drift av slike anlegg, er mitt spørsmål: Kvifor skal ikkje dei anbefalte minsteavstander til boliger og bebyggelse i Europa, også gjelde her i Norge og Ølen, då vi har få biogassanlegg av same storleik og substratsamansetning og samanlikne oss med i dette landet?</p> <p>Eg meiner Nerheim næringsområde er feil lokasjon for eit biogassanlegg med bakgrunn i avstander til boliger og tettstedet Ølen. Prosessen med endring av detaljregulering for Nerheim næringsområde må derfor stoppast. Det må greiast ut alternative lokasjonar med langt mindre konsekvens for nærmiljøet. Det må vere mogleg å finne betre løysingar enn å legge eit stort avfallsanlegg midt i eit etablert lokalsamfunn. Grøne løysingar må også vere berekraftige for folk.</p>	<p>Lokalisering tett på gardsbruk, busetnad og lokalsamfunn</p>
---	--	---

<p>9. Bente Stene, mottatt 01.02.26</p>	<p>Meiner dette ikkje er industri som eignar seg innanfor tettbygd område. Er ikkje i tvil om at det vil gi luktplager. Det kan også føre til farlege ulukker. Ingen vil bu eller drive næring i nærleiken av eit biogassanlegg, viser til utsagn frå Berge Sag.</p> <p>Kan påverke buattraktiviteten, helse, trivsel, bustadprisar.</p> <p>Kryss i sentrum er ikkje bygd for dagens trafikk, auke i trafikk er uønska.</p>	<p>Lokalisering</p> <p>Buattraktivitet og næringsattraktivitet</p> <p>Trafikk og transport</p> <p>Helse og trivsel bustadprisar</p>
<p>10. Bjørn Hovland, mottatt 01.02.26 og 04.02.26</p>	<p>Bur i nærleiken/ blir berørt. Er sterkt bekymra for luktplager.</p> <p>Feil lokalisering så nær busetnad. Vanskeleg å selge eigedom dersom biogassanlegget blir etablert.</p> <p>Stiller spørsmål om erstatning /innløyising av eigedom dersom ein av helsemessige grunnar ikkje kan bu i huset sitt på grunn av luft/lukeplager og ikkje får solgt.</p>	<p>Lukt</p> <p>Lokalisering</p> <p>Verditap/erstatningsansvar</p>
<p>11. Bjørn Inge Heggebø, mottatt 23.01.26</p>	<p>Det er ein risiko for at eit slikt anlegg vil sette ein stoppar for andre verksemdar som ønskjer å etablere seg og/eller utvida. Då kan me miste arbeidsplassar.</p> <p>Er redd for lukt i bygda. Analysen av værdata som blei presentert på informasjonsmøtet tar ikkje omsyn til terreng og korleis dette kan påverke luktspreiing. I ettertid er det vanskeleg å stoppa/legga ned, nemner at det til tider er lukt og støy frå Fatland.</p> <p>Er uroa for auka trafikk og støy som det vil medføre, særskilt på strekninga som også er skuleveg. Kjøring heile døgnert er også bekymringsfullt.</p> <p>Er også uroa for lekkasje av H₂S-gass som er giftig. Gassen er luktfri ved større konsentrasjonar og er tyngre enn luft og vil derfor sige nedover. Kor ofte kan lekkasje forekomme?</p>	<p>Næringsattraktivitet</p> <p>Lukt</p> <p>Trafikk og transport</p> <p>Risiko og sårbarheit</p>
<p>12. Christian Aaserud, mottatt 05.02.26</p>	<p>Ber Vindafjord kommune og relevante styresmakter (DSB og Statsforvaltaren) om å sikre at anlegget blir vurdert korrekt etter Storulykkesforskrifta, og at dnøvendige krav til meldeplikt, sikkerheitsrapport og samtykke frå DSB blir følgt opp før eventuell godkjenning og oppstart av anlegg.</p>	<p>Storulukkeforskrifta</p>

<p>13. Connie Kvamen, mottatt 26.01.26</p>	<p>Bur på gard som blir berørt. Driv verksemd som blir berørt. Auka tungtrafikk, støy og mogleg lukt vil påverke området generelt og rammevilkår for lokal næring.</p> <p>Lokalisering i eit dalføre gjer at lukt blir liggande. Tiltakshavar legg til grunn at me skal tole lukt i kvardagen, sidan me ligg innanfor påverknadssona.</p> <p>Kunnskapsgrunnlaget framstår som usikkert.</p> <p>Ein auke på 80 turar med tunge køyretøy blir for stor belastning langs skuleveg, utrykkingsveg og handelsområde. Området er allereie pressa og i krysset ved Kiwi er det kø kvar morgon. Det må også tas med i vurderinga at dette er tunge og lange køyretøy som tar meir plass og fører til lengre køar. Det igjen kan føre til direkte konsekvensar for utrykkingskøyretøy si responstid og tryggleik. Det burde gjennomførast ein ny og oppdatert trafikkanalyse.</p> <p>Eit betydeleg verdifall på bustadar og landbrukseigedomar er sannsynleg. Det vil i neste omgang gi mindre inntekter til kommunen i form av eigedomsskatt. Ein svekka bustadmarknad kan også påverke flyttemønsteret negativt, noko som på sikt vil få ringverknader for kommunen gjennom lågare skatteinntekter, mindre aktivitet i lokal handel og tenester og tilbod som skule og barnehage.</p> <p>Tiltaket øydelegg også for anna næringsverksemd, viser til Berge Sag sin uttale. Dessutan ligg biogassanlegget eit steinkast frå gravplassen. Korleis vil det vere å gravlegge sine næraste i eit område som kan vere så luktbelasta at ein knapt orker å stå ute? Det handlar om verdigheit, respekt og burde tilseie at lokaliseringa er openbart feil.</p> <p>Innbyggjarane i Ølen ønskjer folkeavstemming som er avgrensa til Ølen og dei direkte berørte områda.</p> <p>Vil vurdere erstatningskrav dersom anlegget blir etablert og det viser seg at det medfører luktplager, støy, trafikkbelastning og verdifall på eigedom.</p>	<p>Lukt</p> <p>Kunnskapsgrunnlaget og KU</p> <p>Trafikk og transport</p> <p>Lokalisering og buattraktivitet</p> <p>Næringsattraktivitet</p> <p>Erstatningsansvar/verditap på eigedom</p>
<p>14. Ellen Sofie Udnessæter Innvær, mottatt 27.01.26</p>	<p>Vedkommande arbeider innan rus og psykisk helse i kommunen, der del av terapien foregår utandørs; hagearbeid, turgåing, sosialt samvær ute i heile vår- og sommarhalvåret. Lukt frå biogassanlegget vil øydelegge desse moglegheitene for gode møtepunkt for sårbare menneske.</p>	<p>Lukt</p> <p>Folkehelse</p>

<p>15. Gustava Garatun, mottatt 05.02.26</p>	<p>Lukt og luktspreiing vil vere ein reell faktor som vil påverke bumiljø og livskvalitet til folk i nærområdet, inkludert min husstand.</p> <p>I tillegg kjem trafikkbelastninga. Vegen er ikkje eigna for å ta i mot tungtrafikk i den storleik som er venta. Trafikken vil også skape meir støy. Støyskjerm må prioriterast.</p> <p>Er kritisk til lokalisering så tett på bustadområde og sentrum. Storleiken på anlegget er også til bekymring.</p> <p>Samla sett finst det ingen gode argument som kan vege opp for konsekvensane for nærområde/lokalsamfunn, bumiljø, eigedomsverdi, tryggleik, risiko for utslepp og/eller alvorleg ulykke.</p>	<p>Lokalisering</p> <p>Buattraktivitet og usikkerheit</p> <p>Trafikk og transport</p> <p>Lukt</p> <p>Risiko og sårbarheit</p>
<p>16. Helene Økland, mottatt 06.02.26</p>	<p>Sterkt bekymra for familie og vener sin livskvalitet og tryggleik.</p> <p>Trafikk, støy, lukt og risiko for utslepp påverke både miljøet og kvardagen til innbygarane negativt. Ølen er ei bygd som treng at unge vender tilbake for å busette seg. Risikoane ved anlegget kan føre til at moglege tilflyttarar ikkje vil velje Ølen, noko som vil vere eit tap for bygda.</p> <p>Viser til dokumenterte ulykker ved biogassanlegg andre stadar i Norge og ser det som høgst urovekkande at eit anlegg av denne storleik skal plasserast så nær naboar og lokalbefolkning.</p> <p>Risiko for framtidig utviding, noko som vil forsterke dei negative konsekvensane.</p>	<p>Folkehelse</p> <p>Trafikk</p> <p>Støy</p> <p>Utslepp</p> <p>Lukt</p> <p>Buattraktivitet</p> <p>Risiko og sårbarheit</p> <p>Framtidige utvidingar</p>
<p>17. Jan Ansgar Husebø, mottatt 05.02.26</p>	<p>Biogassproduksjon er klassifisert som høgrisikoindustri, derfor vil ei etablering gi uakseptabel risiko for brann, gasslekkasje eller eksplosjon så nært eit lokalsamfunn.</p> <p>Redusert livskvalitet for mange menneske i form av luktplager, auka trafikk og potensiell farleg last, forureining ved uhell, støy m.m.</p> <p>Vil andre verksemdar vegre seg for å etablere seg så nært eit biogassanlegg – det er eit varsko at ein stor lokal bedrift har flagga tanken om å flytta frå Ølen.</p> <p>Bioresten vil innehalde meir fosfor enn bøndene brukar i dag. Konsekvensane som gjødsling og avrenning vil få for landbruk og vassdrag er ikkje vurdert.</p> <p>Det er uklart om overflatevatn, spillvatn og meir diffuse utslepp frå anlegget skal hamne i vassdraga. Risikoen for permanent forureining er altfor stor.</p>	<p>Lokalisering</p> <p>Risiko og sårbarheit</p> <p>Folkehelse</p> <p>Næringsattraktivitet</p> <p>Miljø og naturmangfald</p>

<p>18. Joakim Knotten, mottatt 06.02.26</p>	<p>Er uro for korleis biogassanlegget vil påverke livskvaliteten og tryggleiken til dei som bur i nærområdet.</p> <p>Lokaliseringa framstår som uforsvarleg med tanke på tryggleik og nærleik til bustadområde og sentrum. Forsking viser at gassar frå biogassproduksjon kan føre til alvorlege helseproblem.</p> <p>Vil medføre kraftig auke i trafikk, støy og utslepp. I tillegg kjem risikoen for luktplager.</p> <p>Fryktar at det kan komme seinare utvidingar av anlegget.</p> <p>Ei etablering av biogassanlegg kan føre til at færre vel Ølen som bustad.</p>	<p>Risiko og sårbarheit</p> <p>Lokalsamfunn og folkehelse</p> <p>Lukt Støy Trafikk</p> <p>Buattraktivitet</p>
<p>19. Anne Randi Garatun og Henrik Garatun, mottatt 05.02.26</p>	<p>Skriv at dei støttar/stiller seg bak uttale frå Gustava Garatun, sjå nedanfor.</p>	<p>Lokalisering</p> <p>Buattraktivitet og usikkerheit</p> <p>Trafikk og transport</p> <p>Lukt</p> <p>Naturmangfald</p> <p>Risiko og sårbarheit</p>

<p>20. Karin Aalmo og Otto Magne Aalmo, mottatt 04.02.26</p>	<p>Etter ei samla vurdering med tanke på tryggleik, beredskap, lokaldemokrati og miljøkonsekvensar meiner dei at prosjektet ikkje bør gjennomførast på Nerheim. Viser til SINTEF si faglege tilråding om at minimumsavstand til bustadar for store biogassanlegg bør vere 1-3 km.</p> <p>Vindafjord kommune burde brukt SINTEF eller tilsvarande uavhengige forskningsmiljø for risikovurdering.</p> <p>Også med tanke på trafikk og støy frå trafikk synest lokaliseringa å vere ueigna så tett på sentrum, bustadområde, gravplass, museum, skule og barnehage.</p> <p>Eit stort biogassanlegg handterer store mengder eksplosiv metangass og kan vere mål for sabotasje og droneangrep, særskilt med tanke på auka geopolitisk uro siste tida.</p> <p>Det har aldri vore tilsvarande lokal motstand frå befolkninga i Ølen. Dette kom tydeleg fram i folkemøtet 21.01.2026. Innsendar har også stor mistillit til Heygas som «til slutt innrømte at han (leiaren) visste om eksplosjonsfaren på Stord». Å gjennomføre eit slikt tiltak utan lokal aksept svekker lokaldemokratiet.</p> <p>På bakgrunn av norsk forskning, samfunnstryggleik, sentrumsnær lokalisering, massiv lokal motstand og erfaringar frå Stord, meiner me at planlagt etablering er uforsvarleg. Me tilrår at planendinga blir stoppa.</p>	<p>Lokalisering</p> <p>Risiko og sårbarheit Samfunnstryggleik</p> <p>Lokal motstand</p>
<p>21. Karin Markhus og Tormod Markhus, mottatt 29.01.26</p>	<p>Er kritiske til etablering av biogassanlegg så nær Ølen sentrum og bustadområde og på grunn av fare for lukt, auke i tungtrafikk og fare for støy.</p>	<p>Lokalisering</p> <p>Lukt</p> <p>Trafikk</p> <p>Støy</p>
<p>22. Kåre Heggebø og Karin F Heggebø, mottatt 31.01.26</p>	<p>Ei slik verksemd bør ikkje plasserast så sentrumsnært. Luktutfordringane vil ikkje vere foreinleg med eit godt bumiljø. Det vil bli ei stor belastning for oss naboar, men også ei stor utfordring i høve til kommunen sitt mål om å utvikle Ølen til ein regionsenter.</p> <p>Det er opplyst at det vil vere 80-90 transportar til og frå anlegget dagleg. Det verkar som både administrasjon og politikarar tar svært lett på trafikkutfordringa som dette utgjer.</p> <p>Oppmodar politikarane til å finne annan lokalitet.</p>	<p>Lokal motstand</p> <p>Trafikk og transport</p> <p>Lukt</p> <p>Folkehelse</p>

<p>23. Magritt og Svein Bjarne Kile Slåke, mottatt 20.01.26</p>	<p>Er naboer som blir direkte berørt, men har ikkje fått informasjon før dei blei inviterte til nabomøte 13.01.2026.</p> <p>Dei ønskjer ingen endring av formålet frå lettare industri til industri inkl. biogassanlegg.</p> <p>Mange nyttar Njordvegen, Heiabøvegen, gang- og sykkelvegen langs fv 514, samt traktorvegar i området som turvegar.</p> <p>Auka trafikk vil gi auka støy. Tunge køyretøy genererer svært mykje støy. Industriområdet er ei stor flate. Det er ikkje noko som stoppar lyd mot deira eigedom. Meiner det må vere ein føresetnad at det blir sett opp støyskjerm.</p> <p>Lysforureining; bruk av lys må avgrensast med tanke på natt og helg. Utelys må vinklast slik at dei lyser vekk frå bustadar.</p> <p>Fryktar ubehageleg lukt heile året. Ved nordleg vind vil lukt spreie seg i sørleg retning mot Sandeid, ved sørleg vind vil all lukt gå ned til sentrum med skular, barnehage, sjukeheim, butikkar, rådhus og bustadar. Det er også sannsynleg at transport av substrat til anlegget vil spreie lukt. Det er ekstremt vanskeleg å ha lat hermetisk lukka og reint heile tida.</p> <p>Eigedommar i eit stort område vil synke i verdi dersom det blir eit luktproblem. Det blir ikkje bulyst om eit område får dårleg ord på seg med tanke på lukt og støy. Det vil ikkje betre folkehelsa at folk held seg innandørs pga lukt og støyplager og turistane vil ikkje stoppa ein stad der det luktar ubehageleg.</p> <p>Vil Ølen vassverk kunne dekke vassforbruket som skal bidra til betre reinhald av bilar/containerar og hindre luktspreiinga? Og korleis skal dette «vaskevattnet» handterast?</p> <p>Eit biogassanlegg vil auke sjansen for sabotasjeaksjonar i vårt område sett med dagens situasjon med krig og uro i verda. Er beredskapen god nok?</p> <p>Auka trafikk med tunge køyretøy vil forverre trafikksituasjonen i Eiodalen (kryss til E134, kryss til Kiwi og kryss til Njordvegen).</p> <p>reagerer på tillatte byggehøgder og håpar utbyggerar tar gode materialval med tanke på visuell påverknad. Bør vere tilsyn og kontrollar av andre nn utbygger sjølv</p>	<p>Kritikk mot prosessen</p> <p>Ingen endring av formål</p> <p>Friluftsliv</p> <p>Støy</p> <p>Lysforureining</p> <p>Lukt</p> <p>Verditap</p> <p>Folkehelse</p> <p>Vassforbruk</p> <p>Risiko og beredskap</p> <p>Trafikk og transport</p> <p>Visuell påverknad</p> <p>Tilsyn/kontroll</p>
--	--	--

<p>24. Lars A. Økland, mottatt 04.02.26</p>	<p>Viser til ordførar sin uttale i radio og TV om at prosessen er kome for langt til at lokalisering kan endrast. Desse uttalane er gitt medan reguleringsplanen ligg ute til høyring og er grunn for å skape tvil om høyringa er reell og at faktisk innkomne merknader blir vurdert i vidare behandling av saka. Underteikna ber kommunen dokumentere at planforslaget er vurdert ope og utan førehandskonklusjon, og at høyringsinnspela faktisk er tillagt vekt.</p> <p>Ber derfor om at ordførar sin habilitet blir vurdert før politisk behandling av saka for å sikre ei ope og upartisk behandling i tråd med lovverket.</p>	<p>Kritikk av prosessen</p> <p>Habilitet</p>
<p>25. Maria Kristin Garatun, mottatt 05.02.26</p>	<p>Er sterkt kritisk til etablering av tung industri lokalisert tett på busetnad, nabolag og sentrum.</p> <p>Bekymringa er særleg knytta til luktspreiing og forureining, men også for auke i trafikk som kan forårsake støy og støv samt auka sannsyn for trafikkork på dagleg basis og trafikkulykker.</p> <p>Eit biogassanlegg av denne storleik vil kunne påverke kvardag, helse, bustadprisar og trivsel.</p>	<p>Kritikk av lokalisering</p> <p>Lukt Forureining Trafikk</p> <p>Folkehelse verditap</p>
<p>26. Mona Opheim, mottatt 05.02.26</p>	<p>Som eigar av eigedom i umiddelbar nærleik er dei særleg uroa for konsekvensane. Luktplager kan bli omfattande og langvarige og spreie seg over store avstandar. I tillegg kjem støy og sjenanse frå tung anleggstrafikk til og frå området også utanfor ordinær arbeidstid. Dette samla belastningsbilde vil medføre betydeleg verdiforringing av eigedomar i nærområdet. Ber kommunen klargjere kven som er ansvarleg for økonomisk tap ved ev. sal av eigedom og kva rettar eigar har dersom eigedom ikkje let seg omsette. Meiner kommunen det er rimeleg at privatpersonar skal bere ein slik risiko?</p>	<p>Lukt Støy Trafikk og transport</p> <p>Verditap/erstatningsansvar</p>
<p>27. Tore Tverå, mottatt 05.02.26</p>	<p>Reguleringsendringa vil krevje ny KU, dette grunngir han med følgande:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Storulykkespotensialet har ikkje vore vurdert - Det er krav til KU for integrerte kjemiske installasjonar - Det er krav til KU for avfallsanlegg som behandlar hushalds- og næringsavfall - Det er krav om KU for «destruksjonsanlegg for dyreskrottar» - På grunn av storleik krev det ein KU for tilstøytande område <p>Kommunen sin beslutning om å unnlate KU er i strid med lovverket og må sjåast som ein saksbehandlingsfeil.</p>	<p>KU: Storulykkesforskrifta Avfall Destruksjonsanlegg Storleik</p>
<p>28. Torleif Heggebø, mottatt 06.02.26</p>	<p>Viser til sterk motstand i bygda. Vil understreka at mange er for biogassanlegg, men at plasseringa på Nerheim er uakseptabel.</p>	<p>Lokal motstand Lokalisering</p>

<p>30. Stian Haugland, mottatt 03.02.26</p>	<p>Manglande samsvar med kommuneplanen og Ølen si rolle som kommunesenter (Kommuneplan for Vindafjord 2024-2036), der det er lagt klare føringar for utvikling av Ølen med vekt på trygge oppvekstmiljø, folkehelse, redusert miljøbelastning i tettstadar og langsiktig stadutvikling. Ikkje rett verksemd på rett stad.</p> <p>Biogassanlegget vil kunne svekke Ølen sin bustadattraktivitet, investeringsvilje i nye prosjekt og den langsiktige utviklinga.</p> <p>Samla belastning er ikkje tilstrekkeleg vurdert. Det må gjerast ei heilskapleg vurdering av arealbruk, transport, miljø og folkehelse.</p> <p>Det vil vere risiko for seinare utviding, plandokumenta vurderer i lita grad korleis ei slik utvikling vil påverke samla belastning.</p> <p>Uklare rammer for råstoff som kan nyttast i produksjonen gir ikkje naboar og berørte tilstrekkeleg føreseielegheit.</p> <p>Trafikkvurderinga dokumenterar at vegnettet teknisk sett har kapasitet, dette synest likevel å vere ei vegtekniske vurdering. Auka tungtrafikk vil gå gjennom eller tett på område med dagleg ferdsel av barn og unge.</p> <p>Om tiltaket utløyser plikter etter storulykkesforskrifta, vil dette særleg tilseie strenge krav til lokalisering, KU og planavklaring.</p> <p>Planforslaget bygger på utgreiingar som i stor grad er bestilt og finansiert av tiltakshavar. På grunn av omfanget, risikobilde og potensielt langgsiktige konsekvensar av tiltaket, er det behov for uavhengig kvalitetssikring og heilskapleg vurdering.</p>	<p>Manglande samsvar med kommuneplanens arealdel</p> <p>Buattraktivitet og tettstadsutvikling</p> <p>Samla belastning</p> <p>Risiko for trinnvis utviding</p> <p>Uklåre råstoff og framtidig risiko</p> <p>Trafikk og transport</p> <p>Storulukkeforskrift</p> <p>Uavhengig kunnskapsgrunnlag</p>
<p>31. Svein Morten Stene, mottatt 03.02.26</p>	<p>Luktproblem og utslepp kan påverke bumiljø, helse og trivsel. Risiko knytt til gass og eksplosjonsfare kan skape utryggheit for innbyggjarane og eksisterande verksemdar.</p> <p>Anlegget vil skape arbeidsplassar, men kan gjere området mindre attraktivt for større og meir arbeidsintensive aktørar som t.d. Barge Sag. Det kan i praksis bremse vidare utvikling og verdiskaping i bygda.</p> <p>Det må tas på alvor at så mange innbyggjarar er i mot prosjektet. Kommunen må lytte til lokalsamfunnet, utgreie alternative plasseringar og vurdere konsekvensar grundig før det blir tatt ein beslutning. Det beste vil vere å skorte prosjektet.</p>	<p>Kritikk av lokalisering</p> <p>Lukt</p> <p>Buattraktivitet, usikkerheit og verditap</p> <p>Næringsattraktivitet</p> <p>Lokal motstand</p>

<p>32. Øyvind Vik, mottatt 06.02.26</p>	<p>Vegreferanse i plandokumenta er inkonsistent, nemnar både FV 541 og 514.</p> <p>Trafikkgrunnlag er uavklart. Kommunen må klargjere kva drift- og leveringsregime som er lagt til grunn, maks belastning (time /dag) og kva bindande krav som skal settast i plan (ikkje berre bør)</p> <p>Det er stilt rekkefølgekrav med tanke på mjuke trafikantar, men utan å seie kva økonomiske konsekvensar det har og for kven.</p> <p>Påverknad på barn og unge opp mot ferdsel, skuleveg og kryssingspunkt må vurderast.</p> <p>Kommunen må vise vurderinga etter KU-forskrifta med vedlegg; vise kva punkt som er vurderte og kvifor.</p> <p>Det er ikkje tilstrekkeleg dokumentert:</p> <ul style="list-style-type: none"> - samfunnsnytte vs. Ulemper - i kva grad lokasjonen er eigna - kva vurderingar som ligg til grunn for ikkje å krevje KU - trafikken sin påverknad på barn og unge - konkretisering av barrierar/tiltak og restrisiko <p>Ber kommunen om følgande:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Må vere tydelegare på om det er % BRA eller % BYA som skal gjelde - Stadfeste konsistens i saksutgreiing, plankart, føresegner og planskildring - Leggje ved «før-etter»/endringslogg for utnyttingsgrad og utrekningsreglar - Dersom %BYA er føreslått; vise med døme kva dette gir i maks utbygging - Om utnyttingsgrad er reelt endra, må kommunen vurdere behov for ny høyring 	<p>Feil i dokumenta</p> <p>Trafikk og transport</p> <p>Rekkefølgekrav</p> <p>Barn og unge</p> <p>KU</p> <p>Politikk</p> <p>Lokalisering</p> <p>Barrierar</p> <p>Utnyttingsgrad</p>
---	--	--